

Spelermannsbladet

- for folkemusikk og bygdedans

5/05



Glade vinnarar på Røros

Stor deltaking og mykje folk på Røros



Tekst og foto: Kjell Bitustøyl

Veret slo ikkje til, men likevel blei tilstrøyminga av folk svært god til Landskappleiken på Røros. 1300 startande og ca 5000 besøkande er dei tala arrangøren opererer med. Ca 550 frivillige sytte for at arrangementet kom vel i hamn.

I nni blant blei lokala rett og slett for små. Arrangørane fekk òg visse problem med avviklinga på laurdag, forseinkingar er aldri av det gode. Ser ein bort frå dette, var det eit imponerende stykke kappleiksarrangement som blei gjennomført av eit miljø som ikkje har arrangert Landskappleik sidan 1970.

Eit artig miljø

Dei fire arrangørlaga kan puste letta ut etter ein solid gjennomført Landskappleik. Dei

Forseinkingane laurdag skuldast mellom anna at lydprøvene for open klasse tok lang tid. At dette, saman med ei svært lang økt med vokalklassene i kyrkja, førte til at finalespelet ikkje kom i gang før ein og ein halv time for seint, er ikkje av det gode. For det sosiale miljøet på laurdagskvelden var dette sjølv sagt merkbart. Det som skulle vera ei brusande landskappleikstemning i Røros sentrum kom seint i gang. I staden opplevde ein ei roleg stemning, bra nok, men ikkje slik ein hadde venta det. Arrangørane av framtidige kappleikar må saman med LFS sjå på denne delen av det sosiale livet. Skal ein «selje» arrangementet til eit lokalmiljø, er det eit poeng – sjølv om finalespelet er aldri så vellykka – at ein ikkje

som var til stades kunne sjå tilbake på fire-fem intense dagar med eit hav av tevlingar å velje i. Samt fleire konsertar som seg hør og bør. Å arrangere landskappleik er ingen spøk, det er eit lyft av dimensjonar for ein lokal arrangør, sjølv om dugnadsfolka er mange og publikum høyrer til den tolerante og tolmogige sorten. Frå leiarhald i Landskappleiken blir det understreka at ein er imponert over dugnadsånda frå lokalmiljøet, mange var så positive at dei bad om fleire vakter og at dei gjerne vil stille opp neste gong noko liknande skjer. Eit artig miljø var omkvedet.

Overfylte lokale

Kappleiken var godt besøkt. Til tider var lokala, særleg Gymbygget, overfylt og vel så det. Fullt blei det òg i kyrkja laurdagskvelden under finalespelet då fleire hundre ikkje kom inn. PR-sjef Jon Peder Aspås kan elles fortelje at dei var litt skuffa over oppslutninga frå det lokale publikummet. Men talet på tilreisande, ikkje minst frå hardingfeleområda,

legg opp til tevlingar som varer langt inn i laurdagsnatta, det som eigentleg skal vera den store festkvelden.

Det store volumet er og blir eit problem. Eg

KOMMENTAR

Kjell Bitustøyl

kunne tenkje meg at ein såg med nye briller på organiseringa av klassene. Med endå ei ny klasse, durspelklassa, på plass dukkar dette problemet opp att på ny. B-klassene er og blir dei klassene som syter for at det skjer for mykje på for lite plass. Det blir for lite tid att til det «andre» kappleiklivet. Ein tanke kunne

var svært positivt. Aspås vil òg framheva at danseopplegget fungerte fint, ein unngjekk å bruke idrettshallen og hadde i staden dans på fleire golv. Og frå Sangerhuset kom det melding om reine martnasstemninga, fortel Aspås.

Økonomisk håpar ein på eit brukbart resultat, men enno er mykje usikkert.

Pressedekninga er ein stort sett nøgd med, sett utifrå dei forventingar ein hadde. Oslo-prensa glimra med sitt fráver, som vanleg. Heller ikkje Adresseavisa stilte opp i særleg grad, men dette er me vane med, seier Aspås.

Å skaffe seg eit slags objektivt bilete av ein kappleik er mest umogeleg. Men det finst subjektive måtar å oppsummere på: Det fortels om ein spelemann (her skal ikkje namnast namn!) som sa det på denne måten etter ein landskappleik: «Musikalsk var landskappleiken ein suksess, seksuelt var det ein fiasko!»

vera å setje opp B-klassene tidlegare i veka, for eksempel tysdag og onsdag. Det er råflott å kunna koma direkte frå «gata» og delta på landets største konkurranse i folkemusikk. Innanfor andre sjangrar og andre felt er det svært vanleg med kvalifisering. Ei mild form for «kvalifisering» til eliteklassene, som bør få beste sendetida, kunne vera at B-klassene blir gjort unna litt tidleg i veka. Då er dei ein del av arrangementet, samtidig understrekar ein at dei er ein innfallspport til å få vera med i A-klassene. Me bør i alle høve ikkje servere maratontevlingar som gjer at publikum (og presse) er utslitne når endeleg dei aller beste skal sleppe til. Det er urettferdig i høve til dei som trass alt representerer det ypperste me har av folkemusikarar.

Nytt av året: Durspel på Landskappleiken

Tekst og foto: Kjell Bitustøyl

Dei har vore der lenge, i buskane, på dansescena på kvelden og no i seinare år på scena for kappdansarar. Men no skulle durspela for fyrste gong i LfS si 62-årige historie få lov til å bli likestilt med hardingfeler, vanlege feler, og eldre instrument i ei eiga klasse.

Det var ikkje utan spaning eg sette meg ned for å høyre den aller fyrste durspelklassa på ein landskappleik. Det var heller ikkje utan sjelekvalar at eg prioriterte dette framfor å høyre på klasse A hardingfele som gjekk parallelt. Eg kjende ein viss skepsis mot dette uvante; å sitje ned og høyre så mange toradarar etter kvarandre. Kall det gjerne fordommar eller kva som helst. Det spelar inga rolle. Det er utfallet som er viktig: Eg blei sitjande og lytte meir og meir engasjert. Her blei det musisert seriøst og med innleving, og repertoaret var uhyre interessant. Eg er ikkje redd for å innrømme det: Dette var av dei store musikkopplevingane på Landskappleiken på Røros!

Ingen hadde jobba så hardt på førehand med strykejern og tradisjonsbibel som durspeldeltakarane på Røros. For inn kom dei, den eine etter den andre, med skjorter så finstrokne og slåttar så tradisjonelle at det halve hadde vore tilstrekkeleg! Dei hadde sett seg føre å skli inn i Landskappleiken som ein sjølvsagt del av folkemusikkens Formel 1. Ingen stad trur eg fokus på det lokale slåtte-tilfanget var så på plass som i denne klassa.

Durspelarane greidde elddåpen med glans. Eg trur dei mest innbitne trekkspelmotstandarar måtte ha bite i den sure tarmstrengen om dei hadde våga seg inn på denne klassa.

To hovudretningar

Fyrst ute var tre ungdomar, briljante og dyktige var dei. Aller best blei hallingjenta Lisbeth Haraldsen som eg diverre ikkje rakk å få høyre.

Heile 17 stykke stilte opp i seniorklassa. Den distriktsvise spreinga var imponerende: Eg talde til 14-15 ulike distrikt fordelt på 20 utøvarar! Domarane Jon Faulstad, Per Midtstigen og Pål Bratås fekk ein vanskeleg



Tom Kjetil Tørstad frå Vårflaumen spel- og dansarlag blei fyrste vinnar av durspelklassa på landskappleik

jobb. Eitt av dei store dilemma dei måtte ta stilling til var dette med tradisjon og nyskaping. For der er, midt oppe i all distriktspreinga, tydeleg to hovudretningar innafor durspelsjangeren, den eine som held seg til den eldste innarbeidde spelestilen og ei anna retning som tek i bruk ei meir «avansert» form med meir bruk av basar, til dømes. Til den siste gruppa høyrer heilt opplagd også dei som kjem frå distrikt der tradisjonen med durspel meir eller mindre har vore borte. Altså har ein til dels måtta hente slåttar frå andre kjelder, til dømes feleslåttar.

Dette dilemmaet går rett inn i kjernen av kappleiksdiskusjonen: kva er tradisjon og kva er fornying innafor dei eldste formene? Er det i det heile teke mogleg å rangere to såpass ulike tilnæringsmåtar?

Om dommarane gjorde slik eller slik denne gongen skal vera usagt. Vinnar blei i alle fall Tom Kjetil Tørstad frå Vang i Valdres med eit sprettent og sprekt springarspel pluss ein laus. Rykte om at han spela seg saftig opp på Kaffistugu dagen før hadde alt nådd benken der eg sat. Ein fortent seier!

Like bak kom ei ung jente frå Oppdal, Rikke van Ommeren, også ho intens til stades med eggjande og synkopert hallingtakt

og flott springdansson. Ein «gamal» travar frå Landsfestivalen er Inge Gjevre som blei nr. tre, han var ein av dei få som våga seg frampå med egne komposisjonar. Han takka på vegne av seg sjølv og Bjarne Odde for at durspelet no endeleg hadde fått plass på Landskappleiken, før han med ein kombinasjon av kraft, rått driv og lyriske drag drog i gang belgen svært så overbevisande.

Gibøen på durspel

Så sender eg ein varm tanke til Trude Saatvedt Lien frå Kongsberg, elev av Tom Willy Rustad, som fekk vist at Gibøen sine slåttar godt kan framførast på durspel slik at ny og mystisk musikk oppstår. Gløym ikkje denne delen av tradisjonsutfordringa! Dette er mitt råd til framtidige domarar i denne klassa.

Eg må òg nemne ei anna jente frå Kongsberg, Anette Skullestad, ho spelte seg opp og var av dei som musiserte slik at instrumentet på ein måte kunne ha vore kva som helst – bravo!

Bravo får ein og seie om talet på tilhøyrarar, det blei tettare og tettare i salen etter kvart. Men litt tungt publikum var det, sett i høve til dei mange framifrå prestasjonane frå scena.

Tekst: Ingrid Storlimo
Foto: Kjell Bitustøyl

Kongepokal til Gjermund


Årets kongepokal gikk i år til vinneren av spel fele klasse A, og etter et stemningsfullt finalespel i Bergstaden Ziir var det Gjermund Larsen fra Verdalen som gikk av med seieren. Andreas Bjørkås fra Oppdal tok andreplassen foran Jorun Marie Kvernberg fra Romsdal.

Hele 23 deltakere stilte i spel fele klasse A på Røros, og nivået var høyt. Klassen bar preg av unge, høyt utdannede og profesjonelle utøvere som er folkemusikere på heltid. Derfor var det spesielt gledelig å se at veteraner som Ivar Schjølberg og Arne M. Sølvberg fremdeles stiller opp på kappleik sammen med den yngre garde. Det tekniske nivået i spel klasse A er svært høyt, og skillet mellom de bra og de beste går derfor mellom de utøverne som spiller teknisk briljant og de utøverne som i tillegg klarer å formidle det lille ekstra; å gi slåttene sjel og særpreg. Der har mange unge litt å lære av herrene Schjølberg og Sølvberg. Ivar Schjølberg spilte en sulhuspols fra Hessdalen og Gammel-Erik-hallingen fra Vågå, Arne M. Sølvberg spilte en springar og en halling etter Rasmus Breim. I den siste slåtten valgte Sølvberg å spille på fele med gammeldags tarmstrenger. Dette begrunnet han med at det er så dårlig kilopris for sauekjøtt, så han ville derfor slå et slag for tarmene.

Tre finalister

Spel fele klasse A ble avholdt lørdag på dag-

tid, og alle spellmennene spilte to slåtter. Tre utøvere spilte så godt at de ble å høre igjen under finalespelet i Bergstaden Ziir sent lørdag kveld. De tre var Gjermund Larsen, Andreas Bjørkås og Jorun Marie Kvernberg. Alle tre er elever ved Musikkhøgskolen, og har solid forankring i folkemusikken. Som andremann i kvalifiseringa spilte Andreas Bjørkås. Han stilte for første gang i klasse A, og imponerte med en vals etter Jo Nordgard, og Hond-dengja, en springleik etter Ola J. Rise. Andreas Bjørkås er en utøver som utstråler stor sikkerhet på scena. Han er teknisk svært god, men tidligere har den tekniske kvaliteten kanskje overskygget Andreas' potensial som spellmann. Derfor var det gledelig å både se og høre at han under landskappleiken i år spilte slåtter med innlevelse og særpreg – han var mer spellmann enn jeg tidligere har hørt ham. I finalespelet i Bergstaden Ziir spilte Andreas Bjørkås en springleik fra Oppdal etter Halvard Bjørndalsseter og Tovass-vals av Halvard Ørsal. Jorun Marie Kvernberg var neste utøver som kvalifiserte seg til finalespel. Hun spilte en polsdans og stor-hallingen etter Ola Kaldset. Jorun Marie har en intensiv spillestil, og sier selv at hun liker å spille slåtter med dansetakt og råskap. Under finalespelet valgte hun derfor å spille en sunnmørspringar etter Jens Synnes, en springar med danseappell og nettopp den råskapen hun liker så godt. Og få gjør det på samme måte som henne, hun går rett på sak med en innlevelse og kontakt med publikum som er helt spesiell. Som andre slått under finalespelet



spilte Jorun Marie en vals etter Jon Røen, som viste den myke siden av spellkvinnen Kvernberg. Siste finalist var Gjermund Larsen. Gjermund Larsen er, sammen med broren Einar Olav, en av de største videreformidlere av tradisjonen etter Hilmar Alexandersen, og under kvalifiseringa startet han med å spille en polsdans kombinert med en visetone etter Hilmar Alexandersen. Som andre slått spilte Gjermund en spesiell vals etter Asbjørn Inndal, med en rytme og et fantastisk driv som overbeviste både dommere og publikum. Med disse slåttene fikk nok Gjermund Larsen et forsprang på de andre finalistene før finalespelet. Der valgte Larsen å spille en pols etter Asbjørn Inndal og en visetone etter Hilmar Alexandersen. Polen var godt spilt, men det var visetonen som overbeviste. Med en sikker, skjev tonalitet og nydelig posisjonsspill står fremføringen av visetonen som min største musikalske opplevelse under landskappleiken.

Fin opplevelse

Finalespelet i Bergstaden Ziir sent lørdag kveld ble en spesiell opplevelse. Kirka, som rommer 1600 publikummere, har en flott akustikk og mektig arkitektur. Kirka var full

Vinnaren frå Verdal'n

Tekst og foto: Johanne Landsverk

– Det var artig å vinne Landskappleiken med akkurat desse slåttane frå Verdal'n. For dette er slåttar som ikkje har vore spelt offentleg dei siste 50 åra, seier Gjermund Larsen, som vann Kongepokalen for sitt suverene spel i fele klasse A.

– Det eg var aller mest nøgd med, var å kome til finalen. Når ein kjem med i finale-spelet, har ein på ein måte vunne Landskappleiken, for det var eit bra nivå i A-klassen i år, seier Gjermund Larsen. Han synest likevel det var ekstra artig å vinne Landskappleiken i år som det vart sett opp kongepokal i spel fele.


Melodiøs verdalsmusikk

Gjermund Larsen har ikkje delteke på Landskappleiken sidan 2002, og då gjekk han til topps i A-klassen som den yngste vinnaren nokon gong. Han har enno ikkje fylt 24 år, men den unge musikaren gjekk til topps i år igjen, andre gong han deltek i A-klassen.

Larsen fortel at slåttane han framførte under Landskappleiken aldri har vore brukt før.

– Difor var det ekstra artig å trekkje desse slåttane fram på landskappleik. Den første melodien eg spelte under kvalifiseringa var sett saman av ein visetone og ein pols etter Hilmar Alexandersen. Denne polsen etter n' Hilmar er mykje meir lyrisk og har eit heilt anna preg enn den polsen eg spelte i finalen. Det var ein typisk verdalspols. Eg likar så godt å spele dette stoffet på grunn av tonaliteten. Det er veldig melodiøst, seier han.

I kvalifiseringa spelte Larsen ein vals frå Verdal som heiter «Krømtar'n».



– Eg har høyrte på gamle opptak frå Verdal'n og på Hilmar Alexandersen i heile oppveksten, seier Gjermund Larsen, som stakk av med Kongepokalen under Landskappleiken på Røros.

– I den slåttan høyrer ein ei slags kremting. Den spesielle rytmen er elles ganske typisk for Verdal.

Voks opp med Hilmar

Larsen har spelt fele sidan han var fem år gammal, og han og broren Einar Olav har fått musikken frå Verdal inn med morsmjølka.

– Faren vår, Geir Egil Larsen, gjorde mange opptak med eldre spelemenn i bygda for ein god del år sidan. Han har høyrte svært mykje på verdalsspel og på Hilmar Alexandersen. Og sjølv har eg høyrte på gamle opptak og på n' Hilmar i heile oppveksten, men det er først no at dette stoffet har kome fram.

Dei to Larsenbrøerne har arbeidd ei god stund med verdalsmusikken og slåttar etter Hilmar Alexandersen, og i fjor gav dei ut plata «Søttenpassingen».

– Men framleis er det faren vår som held

oss på rett kurs og fortel korleis vi skal spele, seier Gjermund Larsen og ler.

Musikkhøgskolen og Majorstuen

Han har tidlegare studert ved Ole Bull Akademiet, og no begynner han snart på fjerde året som student ved Norges musikkhøgskole.

– Eg har Per Sæmund Bjørkum som lærar på Musikkhøgskolen, og han er svært viktig for meg, seier Larsen som også er kjend frå Majorstuen og den norsk-finske gruppa Frigg.

I vår var Larsen på turné både med Odd Nordstoga og med Maj Britt Andersen.

– Eg vart svært glad då Maj Britt Andersen ringde for å høyre om eg ville vere med på den nye Prøysenplata hennar. Dette viser at folkemusikken har fått større status og kan tilføre andre musikksjangrar noko nytt, meiner Larsen.

da finalespelet startet med hardingfele klasse A, og stemningen var god. Et kirkebygg gir en spesiell ramme rundt musikken og gjør oss litt høytidelige. Under finalespelet får utøverne presentere seg selv, og dette gjør publikum mer kjent med utøverne. Og det var et takknemlig publikum; ingen finalister fikk forsvinne etter endt spilling før de hadde motatt velfortjent applaus. Alle finalistene ga alt, og i folkemengden utenfor kirka etter finalen var det ingen som hadde klare svar på hvem som burde vinne. Alle finalistene hadde levert

imponerende spill som satte seg fast i hjertet til publikum. Men så ble det da Gjermund Larsen som skåret flest poeng til sammen. Andreas Bjørkås tok andrelassen, mens Jorun Marie Kvernberg kom på tredje plass.

Jevnt resultat

Ser vi på poengsummene, ser vi at det er trangt om plassene bak finalistene. Aslak O. Brimi kom på fjerdeplass med tre fløytoner og Høgtidsdagen, en springleik av Hans W. Brimi. Ett poeng bak kom Einar Olav Larsen,

som spilte en polsdans, og en B-dur-vals etter Hilmar Alexandersen. Dommerne har hatt en vanskelig jobb med å skille små marginer, og i en så stor klasse med så høy kvalitet er det vanskelig å tippe resultatet på forhånd. Likevel hadde jeg håpet at representantene for en eldre spillestil; blant annet Leif Inge Schjølberg, Erik Bjørke og Ivar Schjølberg, skulle få bedre uttelling for sitt særpreg. Det er viktig at en stadig bedre feleteknikk ikke sletter ut mangfoldet, men heller gir nye utfordringer i å bevare det.

Vokalklassene:

Kirsten Bråten Berg vann klasse A

Tekst: Herdis Lien Foto: Kjell Bitustøyl

Denne gongen hadde arrangørlaget valt å slå saman alle vokalklassene til ei samanhengande tevling. Arenaen var Røros Kyrkje, denne flotte bygningen som er eit blikkfang og eit kjennemerke på Røros. Men det vart ein langdryg seanse i Bergstadens Ziir.

Alt låg til rette for ei triveleg stund denne ettermiddagen. At det i staden vart ein langdryg seanse der tolmodet til både presse og publikum elles vart sett på ei prøve, er noko både arrangørar og miljøet elles bør tenke over og lære av til seinare.

Svak lyd

For det første var lyden alt for dårleg. Dei som sat litt bak i kyrkja hadde store problem med å få med seg både det som vart sagt og det som vart sunge. Det var eit bevisst valg å ikkje nytte forsterking. Dette er i utgangspunktet positivt, men i eit så stort lokale som Røros Kyrkje og med så mange tilhøyrarar, fungerte det ikkje. Resultatet var at det i tillegg vart ein del uro, når folk anten prøvde å finne ein betre plass, eller gjekk ut fordi dei ikkje høyrde noko uansett.

Å operere med eitt starttidspunkt, gjera store rokkeringar i startlista og ikkje setje tidsperspektiv på når dei ulike klassene skal starte og vera ferdige, var eit anna val som fungerte dårleg. Når tevlinga tek over 6 timar, seier det seg sjølv at publikum treng å strekke på beina, få seg mat, eller berre ta ei pause. For dei som hadde ein eller fleire favorittar, vart det håpløst å rekne ut omtrent når desse ville vera å høyre frå scenen. Mange fekk derfor ikkje med seg akkurat det dei hadde kome for å høyre.

Utøvarane hadde også problem med lang venting før dei slapp til.

For mange vers

Til vanleg har det vore sett ei tidsramme på 3–6 minutt på framføringane i vokal fol-

kemusikk under Landskappleiken. Denne gongen brukte mange langt over denne tida. Årsaken til dette var delvis at programleinga til tider var lite effektiv, men største skulda må deltakarane sjølve ta med grunnlag i repertoarvalet sitt. Det kan også sjå ut som at valet av kyrkjerom som tevlingsarena fører til ei overvekt av religiøse folketonar og seriøse ballader. Greitt nok, det, men det bør knapt vera nødvendig å synge alle 50 versa! Særleg i B-klassa var det mange som med fordel kunne kutta ned på tidsbruken og kanskje likevel oppnådd gode om ikkje betre resultat! Når ein del av dette stoffet også er tungt tilgjengeleg tekstleg sett, faktisk såpass vanskeleg at det er tydeleg at enkelte utøvarar sjølve ikkje heilt forstår kva det handlar om, skjønner ein at publikum, sjølv om dette både er interesserte og kunnskapsrike folk, synest det blir for mykje. Og poenget med repertoarvalet til ei tevling er å vise at ein taklar den eller dei sjangrane ein har valt, ikkje å formidle ei heil livshistorie.

Høgt nivå

For oss som sat så vi høyrde, baud tevlingsane likevel på mykje god song. Nivået er gjennomgåande høgt i alle klasser. A-klassa vart ikkje uventa vunnen av Kirsten Bråten Berg, ein sjeldan deltakar på kappleik dei siste åra, med Ingvill Marit Buen Garnås og Unni Boksasp på plassane etter. I B-klassa var det Åshild Vetthus som gjekk til topps. Nydeleg song utan dei store faktene. Imponerende var også Kim Andre Rysstad, som presterte å synge seg til ein 3. plass – og kom

over «streken» som markerer dei som er på veg mot A-klassa. På sindig setesdalsvis og med ei behageleg stemme song han ei stevrekke og balladen «Dei frearause menn». Dette er nok ein kar vi vil sjå meir til, det var godt for folkemusikkmiljøet at han ikkje forsvann i Idol-sirkuset førre året! Stev hadde også Sigrid Randers Pehrson på repertoaret, ho hadde henta sine frå Lofoten, og det er nok ikkje mange andre enn henne som kan dette stoffet. Moro å høyre.

Ingebjørg med sin 4. strake

For fjerde gongen på rad vann Ingebjørg Harman Bratland C-klassa. Ein prestasjon som ikkje mange gjer henne etter, men så er ho da også ein utruleg dyktig kvedar.

I D-klassa var det berre to deltakarar, båt frå Telemark. Arnfinn Staurheim trekte lengste strået denne gongen.



Vinnar vokalklasse B, Åshild Vetthus

Endeleg på topp

Tekst: Jostein Aardal Foto: Kjell Bitustøyl

Åse Teigland har vore nær på å gå heilt til topps fleire gonger i hardingfele klasse A. I år var det hennar tur, og knapt nokon syntes det var ufortent.

Etter glitrande spel både under «kvalifiseringa» og i finalen, vart Teigland litt historisk – som første kvinne åleine på hardingfeletoppen. Berre ei kvinne før har vunne hardingfele kl A, nemleg Signe Flatin Neset som delte førsteplassen med Odd Bakkerud i 1960.

– Målet har vore å vinne, sjølv om eg aldri har uttalt det. Eg synest det var artig å lukkast i min fjerde finale, seier Teigland.

To gongar har Teigland vore nummer to – i 1999 og 2001, medan ho kom på tredjeplass under Landskappleiken i Eidfjord i fjor.

Teigland vann i år føre Per Anders Buen Garnås, medan fjorårsvinnar Jan Beitohaugen Granli kom på tredjeplass. Dommar Gunn Gausemel vil nødig kommentere dei einskilde deltakarane, men kan seie følgjande om vinnaren:

– Åse spelte best. Ho presenterte slåttane på ein fin måte og sto fram med stor tryggleik og utstråling på scena, seier Gausemel.

Imponerte

Under finalen i ein fullsett Bergstadens Ziir fekk publikum til fulle høyre kvifor akkurat Teigland, Buen Garnås og Beitohaugen Granli kom i finalen.

Buen Garnås opna med gangar etter Svein Løndal og avslutta med ein sær kreyjande springar laga av onkel Knut Buen. Beitohaugen Granli spelte springar etter Per Haugset på «Jøsblått» og Sommarkveld i Jotunheimen på «såkornstille». Begge presterte spel som hausta trampeklapp blant det sakkyn-dige publikum i kyrkja.

Men som under «kvalifiseringa» var det Teigland som imponerte aller mest – med klokkereint spel og ein sær klår tone i hardingfela. Først med «Huldreslått» etter Ola Håstadbo og som avslutning «Bjølleslått» i form etter Haldor Meland.

Åse Teigland litt historisk – som første kvinne åleine på hardingfeletoppen.

– Målet har vore å vinne, sjølv om eg aldri har uttalt det. Eg synest det var artig å lukkast i min fjerde finale, seier Teigland.

Småbarnsmor

Sjølv var Åse usikker på om ho skulle delta på Røros, med ein travel kvardag som småbarnsmor, utan særleg overskot til øving.

– Eg spelte lite i fjor haust og framover vinteren. Det vart ein del i samband med konsertar i april. Etterpå har det vore lite igjen. Men eg har «reinska» hovudet og fått overskot. Og det var sær godt å spele i Røros hallen. Det er sjeldan å få slik kontakt med instrumentet og publikum på ei scene i ein idrettshall.

– Kva får sigeren å seie for deg?

– Det gir meg ein tryggleik. Det er ei stadfesting av at folk set pris på spelet. Og eg har bevist for meg sjølv at eg kan klare å gå heilt til topps.

– Stiller du neste år?

– Det er vanskeleg å vite no. Men eg er i alle fall ikkje redd for å stille opp, sjølv om eg veit det er vanskeleg å forsvare årets plassering. Neste år kan eg kome langt ned på lista., seier vinnar Teigland.

Kvalitet og breidde

A-klassa på hardingfele var ikkje spesielt stor, som vanleg er når kappleiken føregår utanom kjerneområda. Totalt 14 deltok. Men det vart ei interessant klasse for publikum sidan mange tradisjonar var representerte med gode og særprega utøvarar.

– Det var høg kvalitet, seier dommar Gunn Gausemel som synest det var ein fryd å høyre mykje godt spel.

Men det var ikkje berre lett for dommarane.



Dei vart utfordra av Einar Olav Larsen, spesielt med ein pols etter Hilmar Alexandersen. Gausemel synes det var uproblematisk.

– Eg veit ikkje når vi kan seie at noko blir tradisjon. Dei har vel spelt hardingfele om lag like lenge i Setesdal, Nordfjord og enkelte spelemenn i Trøndelag. Som dommar dømmer eg det eg høyrer, ikkje kven som spelar eller kva bakgrunn utøvarar har, seier Gausemel.

Finale i fine lokale

Dei som var til stades under finale-spelet fekk ei makelaus oppleving. Bergstaden Ziir var ein unik arena og skapte stemning ein skal leite lenge etter. Folk sat tett i tett i tre etasjar i den fullsette kyrkja til langt fram mot midnatt laurdag kveld.

– Det var veldig spesielt. Det minnte meg om ein italiensk teatersal, seier hardingfelevinnar Åse Teigland som berre har opplevt noko liknande i utlandet. Lokala inspirerte nok fleire enn Teigland. I alle fall fekk publikum høyre seks utøvarar som gjorde det til ein finale ingen kan gløyme. Hardingfele-dommar Gunn Gausemel var blant dei som fekk ei fin oppleving.

– Eg kan ikkje minnst noko liknande. Dette var heilt fantastisk, seier Gausemel.

Dans fele A:

Ikkje heilt i ei klasse for seg sjølv

Tekst: Sunva Coll Mossige
Foto: Kjell Bitustøyl

Dommarane var ikkje heilt nøgde med dans fele klasse A i år. Ein etterlyste fres og sprut, medan ein annan tykte kontakten med publikum var for dårleg. Dei er begge samde om at forseinkinga på ein og ein halv time gjorde sitt til at stemninga vart laber.

– Me såg fin og god dans, men jamt over var det noko som mangla. Det skal gnistra, og det gjorde det ikkje no, sa ein ikkje altfor imponert Tor Stallvik etter tevlinga på Røros.

Vinnarar av dans fele klasse A, Rolf og Anne Grete Bjørgan



Dommaren ynskjer seg mellom anna betre samspel innbyrdes i dansepara, nye slåttar, og ikkje minst større danseglede.

Forseinking øydela stemninga

– Det var faktisk ei litt daud og passiv A-klasse, og det har eg aldri før opplevd, seier meddommar John Peder Hatten, som også meiner at samspelet med tilskodarane kunne vore betre. Samstundes peikar Hatten på ei mogleg årsak til at mange av dansarane mangla gnist.

– Tevlinga vart utsett i ein og ein halv time. Eg trur det var uheldig at deltakarane måtte venta så lenge når dei fyrst hadde gjort seg klare til å gå på scena.

– Ja, forseinkinga førte nok til ei utlading for tevlinga kom i gang, nikkar Stallvik.

Begge er samde om at nivået har vore høgre før. Samstundes merkar dei seg at tilhøva ikkje var optimale denne gongen.

Stallvik kjem også med ei oppmoding til jentene om å utfordra dansepartnarane sine litt meir.

– Me vil setja pris på om jenta er litt meir tydeleg i dansen, utan at det vert openlys flørt, altså, seier han.

– Og det hadde vore fint om fleire hadde variert slåttane. Eg trur det å dansa til nye slåttar er ei utfordring. Vel ein ulike slåttar for kvar gong ein dansar, kan ein få utteljing for dette, understrekar dommaren.

Nykomarar tevla mot mor og far

Vinnarparet Rolf og Anne Grete Bjørgan frå Østerdølenes folkedanslag overtydde dommarane på fleire område. Elles tykkjer dommarane det var spennande med nykomarar i A-klasse. Audun og Silje Sølvberg frå Stryn dansa seg opp i A-klasse i fjor, og stilte i same tevling som foreldra Asbjørg og Arne i år. Som debutantar i klassa måtte ungdomane sjå seg slegne av mor og far, men syskenparet Sølvberg er nok eit dansepar me skal få sjå mykje til i denne klassa i framtida.

Etterlyser rekruttering

På dei fem fyrste plassane i A-klasse var det dansepar frå fem ulike tradisjonsområde. Det syner at me framleis held eit vidt spekter av dansar i hevd. Men ikkje alle tradisjons-

områda er like flinke til å rekruttera nye yngre dansarar. Det var dans fele klasse C eit prov på. Ti av elleve unge dansepar dansa rørospols. Dei to dommarane rosar Røros og Brekkenområdet for fantastisk rekrutteringsarbeid. Samstundes ynskjer dei fleire tradisjonsområde på banen.

– Det vert litt einseitig når nesten alle para kjem frå same distriktet. No må fleire lag gjera det same som Røros og Brekken, meiner Hatten.

Det må nemnast at det paret som gjekk til topps, var det eine paret som ikkje kom frå Rørostraktene. Joachim Kveen og Inga Myhr frå Trysil Knut dans- og spelmannslag vann C-klasse med ein runnom.

Akrobatisk lausdans

Stallvik og Hatten var også dommarar i lausdans, og her mangla korkje sprut, gnist eller danseglede. Til stor glede for publikum.

– Det sat ein skokk med ungar rundt podiet, og alle hadde store auge under heile tevlinga, fortel Stallvik. Somme av lausdansarane tok nesten av, og dommarane meiner utviklinga går litt for fort.

– Eg skjønar ikkje at dei torer! kjem det frå Stallvik. Han er imponert over karstykket, men konstaterer at hallingen er i ferd med å utvikla seg til rein akrobatikk. No utfordrar han ungdommen til å halda på roa og grunnrytmen i dansen.

– Litt av poenget med lausdansen er jo at ein skal byggja seg opp mot høgdepunkta. Det kan ikkje berre vera akrobatikk heile vegen.

Til slutt minner dommarane om at kappleiksdøming alltid vil vera subjektiv.

– Sjølsagt gjev ein poeng for korrekt dans og teknikk, men me skal også døma med hjarta. Når me ser ein dans som verkeleg går inn, er det lett å dela ut eit ekstra poeng.

Det er alltid nokon som ikkje er heilt nøgde med plassering og poengsum, og til dei som kjende det slik i år har John Peder Hatten ei trøyst:

– Etter mange års røynsle som dansar på kappleik kan eg visa til eitt slagord: Nye dommarar – nye sjansar!

Nivåheving i dans hardingfele A

Tekst: Hallgrim Hansegård
Foto: Kjell Bitustøyl

Om kappleikar kan kritiserast for traurig formidling av folkedansen, var det lite å utsetja på underhaldningsverdien i dans hardingfele klasse A.

– Meir flørt, god musikalitet og ein del luftige krumspring. Mindre tårevåt stildans. Fleire av dansarane dansa betre i år enn i fjor, og eit par ferske A-klassepar gjorde stor suksess hjå publikum. Ein gneistrande parhalling frå Dalsfjorden gav Silje og Audun Sølvberg sølv.

– I år ser vi særskild etter kraft og gneist i dansen, og eit godt samspel mellom dansarane og spelemann, slår dommar Olav Sem nøgd fast etter at siste par har teke siste runda på dansegolvet.

Tamt publikum vaknar

Særleg tydeleg er det auka fokuset på godkarstykket i pardansen.

Dei heldige tradisjonsberarane av parhalling har no fått hard konkurranse av springdansarar med mark i rumpa. Den eine guten etter den hine prøver å skaffe sin del av luftrommet over ei temmeleg god dansescene på Røros. Stian Roland opnar showet med baklengs salto, godt støtta av valdresjentene Gina Ingeborg Hagen og Tone Voldhaug. Eit elles tamt publikum på Røros kviknar endeleg til.

Rytmisk kroppsgymnastikk

Roland har fått ein noko mandigare dansestil siste året, og det skal vise seg at trioen går fortjent heilt til topps i tevlinga. Ole Aastad Bråten fylgjer opp og slår hælane etter gymsaltaket, som derimot heng i trygg høgde. Tom Løvli kjem ikkje lågare på einhandsstift med halv skru, mjuk og lydlus. Golvet får køyrt seg meir då Geir Helge Espeseth nok ein gong syner seg som ein godkar i hallingspringaren. Knut Erik Jordstøyl imponerer også med ein smidig overgang frå telegangar til krukedans.

Få vedheng

Kort summert, publikum får sitt å glede og ergre seg over.



Vinnarar: Stian Roland, Gina Ingeborg Hagen og Tone Voldhaug

– Uff og uff, det gjekk rolegare for seg før i tida. At dessa unge ikkje tek etter oss. Kommentaranane blandar seg i god disharmoni med applausen og unge hyl.

Lite er vel betre underhaldning enn tradisjon i endring?

Om ikkje alle var like nøgde med dansen

til go'karane, skjemde ikkje jentene den heilage roa på scenen. Mange jenter jobba godt og aktivt og stod godt til dansepartnarane.

– Vi ynskjer å gje signal om at jentene skal danse aktivt, og ikkje berre vera vedheng, påpeikte dommar Kirsten Friis etter tevlinga.



Fimbul vann open klasse

Tekst og foto: Johanne Landsverk

Dei dyktige muskarane i Fimbul serverte vakker og harmonisk musikk av beste slaget då dei spelte seg til topps i open klasse under Landskappleiken. Men elles var det langt mellom dei store høgdepunkta på scena.

Tom W. Rustad på toradar, Vegar Vårdal på fele og Åsmund Reistad på mandola viste eit imponerende samspel i gruppa Fimbul. Deira sikre framføring og harmoniske arrangement førte til siger i open klasse. Og å lytte til Neverskoppolsen og det vakre bruerslaget etter Ivar Fuglestad vart ei musikalsk oppleving av dei heilt store.

Samspelt springar

I open klasse vert berre ein tredjedel av innslaga rangerte, og i år vart fem av femten deltakarar plukka ut. På andre plass kom gruppa Sver, der Leif Ingvar Ranøien på toradar, Olav Luksengård Mjelva på fele/hardingfele og Vidar Skrede på gitar smelte til med rytmisk laus og slåtten Anders Flaten nr. 2. Tredjeplassen gjekk til Marit Mattisgard (song og langeleik) og Anders Erik Røine (song, gitar og mandolin) for deira vakre og samspelte Brynningsvise og springaren Raglekjølken.

Kreativt Hippodrama

Øvrevoll spellemannslag skilde seg ut med eit

kreativt og humoristisk musikkinnslag som skulle vere inspirert av Ride ride ranke, springaren Kjepphesten, lydarslåtten Hesteleitaren og gangaren Førnesbrunen. Dei teknisk briljante muskarane med Ragnar Heyerdal på fele, Kjetil Sandum på bass og Eiliv Moe på gitar synte vill speglede og heftig kroppsspråk i eit intenst «Hippodrama» med ein liten leikehest ståande framfor seg på scena. Femteplassen gjekk til «Alfreds følge», og her viste songaren Astri Skarpengland kor profesjonell artist ho er. Med stor innleving og originalitet framførte ho Gustavsvisa, akkompagnert av Espen Leite (trekkspel) og Øystein Sandbukt (gitar).

Ufarlege arrangement

Alle dei femten deltakarane i open klasse var kvalifiserte på førehand. Etter reglane skal dei halde seg til dei eldste slåtteformene innanfor sitt distrikt, men elles er dei oppmoda til kreativitet og nytenking.

Dommarane Gabriel Fliflet, Sturla Eide og Asgaut Høgmo Bakken synes det var mykje bra å høyre i open klasse, men dei synest at arrangementa vart litt ufarlege.

– Vi var ganske einige om at det var mykje godt handverk og mange fine detaljer i open klasse. Men deltakarane kunne godt vore meir oppfinnsame og dristige. Det var litt for lite her som tok pusten frå deg, seier dommarane Gabriel Fliflet.

Han meier fleire av gruppene hadde tent på å vere litt modigare når det gjeld arrangement.

– Vi sakna litt friskare og meir fantasirike

arrangement.

Musikken skal gripe

– Kva legg de som dommarar mest vekt på?

– Det viktigaste er at det som vert framført skal gripe oss musikalsk, men vi legg også vekt på nytenking.

– Kvifor vann Fimbul?

– Fordi dei spelte så bra musikk med ein fin og naturleg autoritet.

– Kva meinte de som dommarar om innslaget til Mari Skeie Ljones og Ingeleiv Berstad Dyvik, der eit moderne danseuttrykk var dominerande?

– Det er det musikalske som er viktig i open klasse, og dommarane er kvalifiserte muskarar. Vi kan vurdere musikken, men når det gjeld den type dans som vart presentert her, blir det lett ukvalifisert syning. Men eg synes det er hyggeleg at folk prøver seg, sjølv om det kan falle litt på utsida av det vi kan vurdere, meiner Fliflet.

Tok for lang tid

Sjølv om det var berre femten deltakarar med, tok det altfor lang tid å få gjennomført open klasse i år. Etter mi meining var det slit-samt og ikkje særleg publikumsvenleg å sitje å vente på dei mange lydprøvene føre kvart innslag. Planen var at open klasse skulle vare i to timar, men i staden tok det over tre timar før alle innslag var unnagjort. Då blir det ikkje lett å konsentrere seg mot slutten, same kva som går føre seg frampå scena.



Gruppa Fimbul vann med sin gode musikk og naturlege autoritet. Frå venstre: Vegar Vårdal, Tom W. Rustad og Åsmund Reistad.



Foto: Kjell Bitustøy

Spell og dans i Røros distriktet

Av Bjørn Aksdal

Den kjente, svenske spellmannen Per Gudmundson fra Falun i Dalarna ble en gang på 1970-tallet spurt om hvorfor han så ofte var å se på spell- og dansearrangementer på Røros. Det var tre grunner til dette, sa han: pils, pøls og pols. Vi skal ikke belyse de to første fenomenene nærmere her, bare begrense oss til å la årsak nummer to stå som en hyllest til de mange dyktige slakterne som har eksistert på Røros opp gjennom tidene. Derimot er det betimelig å dvele litt mer ved polsen, som kanskje har blitt en av Rørosdistriktets fremste eksportartikler.

I dag blir spellmenn og dansere fra Røros invitert til å holde polskurs både i Norge og i utlandet, og ved større, årvisse arrangementer som Rørosmartnan og Brekkendagan strømmer det interesserte dansere og felespillere til Bergstaden og bygdene omkring. De aller fleste av disse vil nok hevde at ved siden av det fine og levende miljøet på og omkring Røros er det nettopp polsen som trekker, både dansen og den tilhørende musikken. Men også det unike i at her eksisterer en særegen bygdedans som fremdeles lever og brukes naturlig i lokalmiljøet sammen med en eldre slåttetradisjon.

Navnet pols kommer fra polsk dans, og knyttes til danser og musikk som hovedsakelig på 1500- og 1600-tallet spredde seg fra Polen til landene rundt Østersjøen og videre ut i Europa til blant annet Norge. Kanskje var polsen kjent i Gauldalen og Nord-Østerdalen allerede før Røros ble grunnlagt i 1644, men vel så sann-

synlig er det nok at den kom noe senere som en del av de mange utenlandske impulsene Røros Kobberverk trakk til seg og som må ha gjort Bergstaden til en kulturell smeltedigel allerede ved midten av 1600-tallet.

Et resultat av Rørossamfunnets spesielle sammensetning var at vi i tillegg til de tradisjonelle bygdespellmennene også fikk et mer bypreget musikkmiljø hvor noter, arrangementer og samspill var en naturlig del av musiseringen. Dette miljøet hadde bl.a. i en lengre periode nær kontakt med stadsmusikantene i Trondheim og besto av både organister, verkets egen musikanter, musikkutøvende blant ledelsen, høyere funksjonærer og aksjonærer, samt en del notekyndige spellmenn med stor appetitt på et bredere musikkrepertoar. Navn som Erik Johannesen Skomager (f. 1760), Smed-Jens (1804–1888) og Klas-Ola (1852–1937) er alle eksempler på felespillere som behersket både polsspillet og den nyere dansemusikken.

Blant de nye musikk- og danseformene som nådde Røros mot slutten av 1700-tallet, var det særlig menuetten og engelskdansen som kom til å få en viss betydning. Menuetten brakte flere nye stiltrekk inn i polsspillet, bl.a. bruken av trioler, og vi finner også enkelte menuettmelodier som er blitt direkte omgjort til polser. Enda større betydning fikk nok engelskdansen, som er en turdans i tredelt takt. Selve dansen gikk relativt fort av moten, men snart møter vi mange av melodiene til engelskdansen brukt i tilknytning til valsen, som kom til landet omkring 1790. Flere av de eldre engelskdansmelodiene lever fremdeles i tradisjonen på Røros som valser, og i andre distrikter

er ofte disse valsene nyttet til omreisende spellmenn som for bl.a. Fant-Karl.

På begynnelsen av 1800-tallet dukker det opp flere nye danseformer på Røros. Det gjelder både turdanser, runddanser og mer enkeltstående dansetyper. Størst betydning synes de tidlige polkavariantene hoppvals og galoppade å ha fått. Derimot slår ikke masurkaen an i det hele tatt, noe som utvilsomt skyldes polsens dominerende stilling. Likevel blir enkelte masurka- og svenske hambomelodier gradvis tatt opp som en del av polsrepertoaret.

I 1860-årene møter rørosingene så reinlenderen, som ikke slår gjennom for fullt før henimot 1900. Men da blir denne dansen snart så populær at både eldre hallinger, marsjer og visetoner blir omformet til reinlenderslåtter. Det fortelles for øvrig at spellmannen Henning Trøen (1834–1917) fra Brekken var den siste i Rørosdistriktet som spilte halling til dans i 1880-årene. Likevel synes ikke runddansmusikken på Røros, i motsetning til f.eks. i Ålen, å ha blitt oppfattet som noen vesentlig trussel mot den eldre slåttetradisjonen. De to tradisjonene har stilmessig til en viss grad smeltet sammen ved at mye av runddansmusikken har blitt preget av stiltrekk fra polsspillet. Når man ser på aktiviteten i dag er det imidlertid lett å glemme at også på Røros sto det en tid svært dårlig til med felespillet. Både i mellomkrigstiden og en periode etter siste krig var det lite populært å spille pols og tradisjonell runddansmusikk på fester i Rørosdistriktet. Det skulle helst være tidens populære slagere, som ble formidlet gjennom radio og grammofon.

Heldigvis rommet Rørossamfunnet sterke personligheter som hadde stahet og trygghet nok til å holde tradisjonen ved like til en ny generasjon av felespillere oppdaget verdiene i den lokale folkemusikken. Dette førte samtidig til at også flere av de eldre felespillerne som nærmest hadde lagt bort instrumentet igjen begynte å spille. Tidene hadde imidlertid endret seg, og det ble nå først og fremst spellmannslaget som ble felespilletts primære uttrykksform. Men selve hjertebarneret er fremdeles polsen, selv om både pølsen og spesielt pilsen gradvis har kommet mer i bakgrunnen. Heldigvis, vil vel mange si!

Kappleik ikkje noko fo

Tekst og foto: Kjell Bitustøyl

Dei er frå Målselv – den eine dansar, den andre spelar. Saman står dei i spissen for folkemusikkpøbben i Tromsø. Eg treffer Marte Frihetsli og Sigrunn Haugli på Landskappleiken på Røros, der dei er deltakarar båe to. Men det er ikkje viktigaste grunnen til at dei kjem.

Det er ei lang reise frå Målselv til Røros, men det plagar ikkje Marte Frihetsli og Sigrunn Haugli. Dei er vane med lange avstandar, seier dei. På landskappleik reiser dei for å få impulsar og møte andre likesinna.

– Det er søkkandes artig å møte andre med dei same interessene, seier Marte, som er på landskappleik for tredje gong. Ho var med for fyrste gong på kappleik på Røros i 2001, det var ein distriktskappleik. Då deltok ho i lagdans i lag med dansarar som tidlegare var med i Tromsringen. Dei ynskte å vise fram at det var dansetradisjonar i Nord-Noreg òg. Det har òg vore grunnen til at ho seinare har stilt opp i pardans to gonger med nordlandspols, på Gjøvik i 2003, der ho saman med Sigurd Heide oppnådde 1. premiegrad, og no i år på Røros. I år blei dei nummer fire i B-klasse, like under streken.

Sigrunn Haugli var med for fyrste gong på Landskappleiken i Rauland i gruppespel i 2001. To år etterpå var ho med på Gjøvik der ho deltok i soloklassa, noko ho slett ikkje opplevde som positivt. Men ikkje verre enn at ho prøvde på nytt i år. Argumentet hennar for å stille opp har heile tida vore å vise fram at dei har eit bra slåttemateriale i heimbygda Målselv og Nord-Noreg elles. Men opplevinga var heller ikkje denne gongen særleg positiv. Og ho tvilar på om det blir fleire gonger i soloklassa.

– Eg spela mine to slåttar, men ramma rundt er vanskeleg. Eg kan like godt spela dei her slåttane ein annan plass. Problemet er det som blir *forventa*, eg føler at eg må koma meg gjennom prikkfritt – og takle situasjonen. Det er ikkje lett, men det er sjølvsagt artig å prøve seg.

– Det blir på mange måtar ein slags sport, ein er ikkje van med ein slik situasjon, seier



Marte Frihetsli (til venstre) og Sigrunn Haugli

Marte. Og Sigrunn seier seg heilt einig i intervjuaren sin argumentasjon med at dei som gjer det bra, det er dei som *meistrar situasjonen*.

– Men sjølvsagt hjelper det å vera god til å spela, ho innrømmer det. Sigrunn synest det er moro å høyre på dei andre som stiller opp, og kan tenkje seg å stille opp i gruppespel der ho kan kose seg meir med spelet i lag med andre.

Marte legg vekt på å vise fram at dei har ein fin dans, dei òg. Ho seier ho ikkje er med for å hevde seg på resultatlista, eller danke ut nokon.

– Me tenkte: «Det er noka artig som skjer sørpå, vi fer dit!»

Nei til kappleik i nord

På spørsmål om kappleik er noko som ein bør eksportere til Nord-Noreg for å få til auka rekruttering, svarar dei spontant unisont: Nei!!

Likevel ser dei ikkje berre negativt på dette med kappleik:

– Eg ser det *demokratiske* i at alle kan melde seg på, altså ein plass der alle kan vise seg fram. Utanom konkurransane er det sjølvsagt mange høve til å drive med buskspel på ein landskappleik, det er difor me er her i grunnen. Men òg for å danse – og det å lære andre sine dansar – og slåttar, seier Sigrunn.

Alternativet til kappleiksystemet er å byrje i det små og arbeide seg opp, båe to gjer det, og dei har båe fått ein del oppdrag – med spel og dans.

– *Kvar må du gå for å oppleva folkemusikken i Nord-Noreg?* undrast eg.

Marte svarar:

– Du kan gå på folkemusikkpøbben i Tromsø til eksempel. Elles er det i leikarringane. Og så har du sjølvsagt Kalottspel, som i tillegg til festival kvart år no også arrangerer nokre konsertar elles i året.

Folkemusikkdagane i Bardu, som blir arrangert annan kvart år, festspela i Nord-Noreg og Riddu Riddu er andre arenaer der folkemusikken er representert nordpå.

Ein skal kose seg med dansen

Marte ser på Landskappleiken som påfyll for den som har oppnådd eit visst nivå.

– Det er avgrensa kva slags utfordringar du får i ein leikarring – kor ofte du gidder å trø dei same reinlenderstega oppatt og oppatt.

Sigrunn er skuffa av di ho ikkje fekk til å vise at ho trivst med solospelet på kappleikscena. Men det gjekk mykje betre til i dansspelet, då var det berre artig, seier ho.

– *Korleis opplever du kappdansen?* Eg rettar spørsmålet til Marte.

– Eg opplever at det er mange som har eit

r Nord-Noreg

planlagt mønster på dansen, som t.d å danse på veka i slåtten, gå likt inn i rundsnu osv. Dette er noko ein ikkje finn på dansegolvet. Det er noko eg gjennom nordlandspolsen bevisst har fokusert på å slutte med. Ein skal danse som ein vil, dei turane ein likar. Faktum er at etter at desse dansane blei nedteikna, blei det til at ein dansa veldig slik «fast» – det blei nesten ein turdans. Eg prøver på å vera fokusert på at eg skal ha det artig når eg dansar og skape *min* variasjon.

– Mitt inntrykk er at slikt fort blir vurdert opp i forhold til dansegledde, det å kunne improvisere osv. Samtidig ser eg mange, særleg i hardingfeledansen, som greier å slippe seg laus. Der var mykje flott! No er det Sigrunn som fører ordet.

– Men kvifor ikkje flytte dansegolvet opp på scena? repliserer Marte.

LfS

Fleire lag frå Nord-Noreg har meldt seg inn i LfS.

